



**Leohnard Eik (biletet) fortel at bestefaren hans, Rikhard Eik og ei nabodame - Ella Eik - symja til Skorpo. Morten og Knut Andre Eidsvik gjorde det torsdag kveld.**

Rikhard og Ella symde frå Eiklandet (gamle Trelasten) til Øredalen på Skorpelandet. Kva årstal det var veit Leohnard ikkje, truleg var det i slutten av 1940- eller byrjinga av 1950-talet.

Kor lang tid dei to brukte vei han heller ikkje, det er ikkje sikkert at det var noko tidtaking.  
- Den gongen vat det rekna som ein prestasjon å symja over.  
Bestefaren min var ein godt eldre mann den gongen.  
Han var ein god symjar og han lærde fleire symjekunsten.  
Ein av dei er eg, seier Leohnard.

Av Ola Matti Mathisen